



Seljord kommune
Driftsteknisk kontor
3840 Seljord

Utsleppsløyve for Seljord rensedistrikt

Vi viser til søknad datert 13.12.2004.

Løyve:

I medhald av forureiningslova § 11 vert Seljord kommune med dette gjeve løyve til utslepp av avløpsvatn frå Seljord rensedistrikt via djupvassutslepp i Seljordsvatnet. Løyvet er avgrensa 2000 PE midla på årsbasis.

Løyvet kjem i staden for tidlegare løyve datert 11.10.1974 og gjeld frå dags dato. Løyvet vert gjeve i medhald av forureiningslova § 16 på nærare fastsette vilkår, jf. vedlegg.

Handsaming:

Det ligg føre søknad frå Seljord kommune datert 13.12.2004 utarbeidd av Tveiten AS. Søknaden har vore kunngjort i aviser og har i ein periode vore lagt ut til offentleg ettersyn ved kommuneadministrasjonen i Seljord. Det har ikkje kome merknader til søknaden.

Grunngjeving:

Bakgrunnen for søknaden er at kommunen på eige initiativ har søkt om nytt løyve i staden for noverande utsleppsløyve frå 1974. Dagens renseanlegg er eit kjemisk fellingsanlegg/ primærfelling som vart sett i drift i 1977. Det er vurdert som gammalt og nedslite, og det har liten kapasitetsreserve. Tidvis høg belastning gjev driftsproblem. Det vert lagt opp til byggjing av nytt anlegg med anna plassering. Med omsyn til arealbruken er plasseringa av eit nytt anlegg avklart gjennom handsaming av reguleringsplan for det aktuelle området.

Tiltaket med nytt reinseanlegg vil ha positive verknader ved auka kapasitet, betre renseffekt og meir stabil drift. Renseanlegget er dimensjonert med god kapasitet, 3000 PE, i høve til avløpsmengde tilknytt anlegget pr. i dag, ca 1500 pe. Tiltaket er elles i

samsvar med føreslegne krav i nye føresegner som truleg vert gjeldande med det første. Desse krava er innarbeidd i løyvet med omsyn til reinseffekt og utsleppsgrenser.

Det er planlagt å føre avløpet frå renseanlegget via sjøledning ut i Seljordsvatnet på minst 30 m djup og minst 100 m frå land. Utsleppsstaden vert omlokalisert frå noverande som følgje av nytt anlegg. Søknaden har omtalt moglege brukarkonfliktar knytt til vassforsyning, bading og fiske. Det vert her konkludert med at utsleppet med ny lokalisering ikkje vil påverke forholda negativt, noke det ikkje har kome merknader til lokalt og som Fylkesmannen elles seier seg samd i.

Tiltak for å betre kvaliteten av avløpsnettet er naudsynt med omsyn til inn- og utlekking. Det er driftsulemper ved noverande anlegg dels som følgje av store vassmengder i nedbørsperiodar og ved snosmelting. Det er tidsette krav i løyvet om utarbeiding av plan som grunnlag for vurdering av målsetjingar for tilknytningsgrad og rensegrad for avløpsnettet.

Heimel og høve til å klage:

Løyve og vilkår er gjeve med heimel i forureiningslova §11 og §16. Partar i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage løyvet til Statens Forurensningstilsyn innan 3 veker frå avgjerdsla er motteke. Eventuell klage skal omtale det vedtak som det vert klaga over, og den eller dei endringar som vert ønska. Klagen skal grunngjevast, og andre opplysningar som er viktige for saka bør nemnast. Klage vert å sende til Fylkesmannen i Telemark, Statens Hus, 3708 SKIEN.

Eventuell klage fører ikkje til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Statens Forurensningstilsyn kan etter anmodning eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal settjast i verk før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerdsla av spørsmålet om iverksetting kan ikkje påklagast.

Med helsing

Arne Malme
kst. fylkesmann

Morten Johannessen
avdelingsleiar

Vedlegg: Særlege vilkår og generelle vilkår

Kopi:
Tveiten AS, Postboks 120, 3835 Seljord



Fylkesmannen i Telemark, miljøvernavdelinga

Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn, Seljord rensedistrikt, Seljord kommune

I medhald av lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova), §§ 11 og 16, jf. § 29, gjev Fylkesmannen i Telemark løyve på nærare fastsette vilkår til Seljord kommune til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Seljord rensedistrikt via djupvassutslepp i Seljordsvatnet. Løyvet er avgrensa til 2000 PE midla på årsbasis. Løyvet kjem i staden for tidlegare løyve datert 11.10.1974 og gjeld frå dags dato.

NØKKELOPPLYSNINGAR:

Verksemd: Seljord kommune
Postadresse: Driftsteknisk kontor , 3840 Seljord
Føretaksnummer: 974 641 011
Utsleppsramme: 2000 PE årsmidla

Dato: 28.11.2005

Ingvar Oland
nestleiar

Gunnar Djuvik
overingeniør

Vedlegg: Løyve med særlege vilkår og generelle vilkår

A) Særlege vilkår

1. VERKEOMRÅDE

1.1 Geografisk virkeområde

Løyvet gjeld utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Seljord rensedistrikt, sjå kart vedlagt søknad datert 13.12.2004.

1.2 Type avløp

Løyvet gjeld kommunalt avløpsvatn som normalt vert akseptert å føre til avløpsanlegg. Unnateke er prosessavløp frå verksemdar der forurensningsstyresmaktene har stilt krav til eige utslepp grunna mengde og kvalitet av avløpsvatnet.

2. UTSLEPPSRAMME

Løyvet er avgrensa til ein forureiningsproduksjon innafor heile rensedistriktet svarande til om lag 2000 PE på årsbasis og med ei maksimal veke-belastning til renseanlegget svarande til om lag 3000 PE.

3. UTSLEPPSSTAD

Avløpsvatnet skal førast minimum 100 m ut i Seljordsvatnet på minst 30 m djup. Det er ikkje tillatt å avlaste avløpsnettet anna enn i form av definerte naudoverløp ved pumpestasjonar og renseanlegg.

4. TILTAK

Det vert sett krav om gjennomføring av følgjande tiltak:

<i>Tiltak</i>	<i>Frist</i>
Plan som syner korleis og kva tid det er mogleg å nå målsetjinga for avløpsnettet om minimum 95 % tilknytning og målsetjinga om minimum 95 % verknadsgrad, jf pkt 5 og 6.1.	01.01.2008

5. TILKNYTNINGSGRAD

I takt med utbygging og sanering av deler av avløpsnettet skal det vere størst mogleg grad av tilknytning. Det er ei målsetjing at det skal vere minst 95 % tilknytning av forurensningsproduksjonen i rensedistriktet til renseanlegget ved full utnytting av løyvet.

Det skal innan 01.01.2008 utarbeidast plan som syner korleis og kva tid det er mogleg å nå dette målet.

Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn fra Seljord rensedistrikt, Seljord kommune

Vedlegg: Løyve med særlege vilkår og generelle vilkår

Sanering og tilkobling av enkeltbustader og felles avløpsledningar i dei einskilde avløpssonane i rensedistriktet skal skje etter fristar som vert nærare fastsett i eigen plan, jf. tiltak i kapittel 4.

Bustader og fritidsbuseiendom kan unntakast frå tilknytning om ein kost-nytte vurdering tilseier det. Som basis for en slik vurdering skal ein leggje til grunn kostnader i forhold til mengd fjerna fosfor. Om den reelle årskostnaden ved tilknytning er mindre enn årskostnaden for nytt separat rensesanlegg, type minirensesanlegg, klasse 1, skal det krevjast tilknytning til kommunalt anlegg. Årskostnad for minirensesanlegg som rettingsleiande grenseverdi framkommer ved å summere årlege investerings- og driftsutgifter ved låneopptak med 20 års avdragstid for investeringa. I tillegg til fjerning av fosfor kan andre miljøeffekter takast med i vurderinga. Om tilknytning til kommunalt anlegg vil bidra til å løyse åpenbare lokale miljøproblem med til dømes vannhygiene, lukt og tilgrising, kan kommunen krevje tilknytning sjølv om kostnadene er høgre enn grenseverdien.

6. KRAV TIL AVLØPSNETTET

6.1 Forureiningstap

Det er ei målsetjing at avløpsnettet i rensedistriktet skal ha ein verknadsgrad på minimum 95 %. Det skal innan 01.01.2008 utarbeidast plan som syner korleis og kva tid det er mogleg å nå dette målet.

Det er ikkje tillatt med overløp som avlastar avløpsnettet. Det einaste forureiningstapet som er tillatt frå avløpsnettet er definerte naudoverløp frå pumpestasjonar. For øvrig skal dei samla forureiningstap frå avløpsnettet gjerast minst moglege gjennom systematiske tiltak. Utlekking skal ikkje bidra til overskriding av tillatt forureiningstap. Dårlig fungerande deler av avløpsnettet skal utbetrast i den grad det er kostnadseffektivt samanlikna med andre vedlikehaldstiltak og nyanlegg.

6.2 Tilsyn med avløpsnettet

Det skal etablerast eit tilsyn med avløpsnettet med følgjande responstid:

- Feil på avløpsnettet som medfører utslepp skal rettast opp innan 24 timer etter at feilen er oppstått. Dette gjeld mellom anna ved feil på pumpar, motorar, instrument og feil som medfører naudoverløp ved reinseanlegget.
- Feil på avløpsnettet som ikkje medfører driftsstopp skal reparerast innan 1 veke etter at feilen oppsto.

6.3 Påslepp

Påslepp av avløpsvatn frå verksemdar samt påslepp av oppmalt matavfall frå verksemdar og hushaldning som ikkje er medrekna i kap 1.2 er ikkje regulert gjennom dette løyvet. Vi syner til konsentrasjonskrav, reinsetiltak og anna omtale av ulike former for påslepp som er omtalt i framlegg til "forurensningsforkriften del 4 avløp". Sjå eventuelt følgjande lenke: www.sft.no/arbeidsomr/vann/avlop/avlopsforskrift/avlopsforskrift_forslag010905.pdf

Fylkesmannen reknar med at framlegget vert vedteke med det første og at dei nemnde påsleppa som er omtalt i kap 15 A i framlegget såleis vert regulert gjennom ny generell føresegn om avløp.

Vedlegg: Løyve med særlege vilkår og generelle vilkår

7. KRAV TIL RENSEANLEGGET

7.1 Utforming og drift av rensesanlegg

Rensesanlegget skal dimensjonerast, byggast, drivast og vedlikeholdast av fagkyndige slik at det har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for staden der dei ligg. Ved utforminga av anlegget skal det takast omsyn til variasjonar i mengd avløpsvatn i løpet av året. Rensesanlegget skal utformast såleis at det kan takast representative prøver av det tilførte avløpsvatnet og av det rensa avløpsvatnet. Det skal vere mogleg å måle mengde avløpsvann.

Det er ikkje tillatt å sleppe ut avløpsslam eller ristgods i ein vassførekomst, korkje ved dumping frå skip, utslepp frå rørledningar eller på eit kvart anna vis. Rensa avløpsvatn skal brukast om att når dette er føremålstenleg.

7.2 Prøvetaking

Den ansvarlege for avløpsanlegget skal sørge for at det vert teke prøver av rensa avløpsvatn. Ved kontroll av renseseffekt skal det og takast prøver av tilført avløpsvatn. Når ein tek prøver, må ein måle vassmengder med usikkerhet på maksimalt 10 % og registrere desse. Verksemdar som utfører prøvetaking, herunder konservering, skal vere akkreditert for prøvetaking eller ha et tilsvarende kvalitetssikringssystem for prøvetaking godkjent av en kvalifisert nøytral instans. Kravet gjeld frå eit tidspunkt som vert nærare fastsett i generell føresegn, sjå omtale i kap 6.3.

Prøvene skal vere representative for avløpsvatnet og takast ved hjelp av eit automatisk, mengdeproporsjonalt prøvetakingssystem. Prøvene skal takast med jamne mellomrom gjennom året. Prøvetakingstidspunktet skal vere i henhold til ein tidsplan oppsatt på førehand i verksemda sitt internkontrollsystem. Prøvene skal vere konserverte og lagra i samsvar med Norsk Standard eller anna godkjent laboratoriepraksis.

7.3 Reinseffekt og utsleppsgrenser

Det skal nyttast ein prosess med sekundærreinsing med tillegg av fosforfjerning, dvs eit kjemisk/ biologisk rensesanlegg.

Følgjande reinsekrav gjeld:

Utslepps parameter	Prosentvis reduksjon, årleg middelerdi	Prosentvis reduksjon, minimumsverdi	Konsentrasjon,	Maksimal konsentrasjon v/ normale driftstilhove,
Total fosfor	90 %	-	-	-
BOF ₅	-	70 %	25 mg/l	50 mg/l
KOF _{Cr}	-	75 %	125 mg/l	250 mg/l

8. UTSLEPPS- OG DRIFTSKONTROLL VED AVLØPSANLEGGET

8.1 Generelt

Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn fra Seljord rensedistrikt, Seljord kommune

Vedlegg: Løyve med særlege vilkår og generelle vilkår

Kommunen skal til kvar tid ha oversikt over utsleppstader frå avløpsanlegget til aktuelle resipientar. I tillegg til normalt utslepp frå renseanlegget gjeld dette utslepp frå omløp/ naudoverløp ved renseanlegget og moglege punkt for direkteutslepp frå avløpsnettet.

Plan for rutinemessig tilsyn med alle viktige punkt på avløpsanlegget, som til dømes renseanlegget, pumpestasjonar, overløp og kummar, skal inngå i kommunen sitt internkontrollsystem.

8.2 Avløpsnettet

Det skal være kontinuerleg registrering av driftstid og antall ganger både naudoverløp og eventuelle omløp foran renseanlegget er i drift. Det kan bli stilt krav om mengdemåling på overlaup om desse til dømes syner seg å være ofte i drift.

Pumpestasjonar skal installerast med sensorar som gjev alarm når naudoverløpet trer i funksjon, og når vass-standen søkk under eit definert nivå for låg vass-stand.

8.3 Renseanlegget

Prøvetakings- og kontrollprogrammet skal gjennomførast for både innløp og utløp etter følgjande oppsett:

Parameter	Antall prøver pr. år	Prøvetype
Fosfor (total-P)	12	Blandprøve døger eller veke
Organisk stoff (BOF ₅)	12	Blandprøve døger
Organisk stoff (KOF _{Cr})	12	Blandprøve døger

Ved vurderinga av analyseresultata treng inntil 2 av dei 12 prøvene for høvesvis BOF og KOF ikkje å stette konsentrasjonskravet eller renseeffektkravet.

Eventuelle endra krav gjennom føresegn eller særskilt krav frå fylkesmannen samt krav som vert nedfelt i interkommunale driftsassistanse gjeld føre utsleppsløyvet.

9. KRAV TIL RESIPIENTOVERVÅKING

Kommunen skal medvirke til resipientundersøkelser som har relevans til utslepp frå rensedistriktet, medrekna regionale undersøkelser samordnet av fylkesmannen. Videre kan kommunen verte pålagt å sørgje for undersøkingar av lokale forureningsverknader.

10. OVERSKRIDINGAR

10.1 Overskriding grunna uhell

Større utslepp som følgje av uhell skal stoppast straks, og seinest i løpet av 24 timer. Utslepp grunna slitasje eller feil på utstyr skal minimaliserast, og vedlikehaldsprogram skal rettast inn mot dette. Relevant reserveutstyr skal finnast på lager i kommunen eller hos lokal leverandør. Dersom lokal leverandør vert nytta, skal det liggje føre førehandsavtale med kommunen. Kommunen skal elles sette inn tiltak for å unngå eller avgrense skade som følgje av overskridingar.

Vedlegg: Løyve med særlege vilkår og generelle vilkår

10.2 Overskridingar i samband med vedlikehald og omlegging

Vedlikehald eller omlegging som medfører større overskridingar skal være godkjent av Fylkesmannen på førehand.

10.3 Avviksbehandling

Uhell som kan eller kunne ha medført alvorleg forureining skal ein snarast rapportere til fylkesmannen. Rapporten skal greie ut om tiltak som er gjort. Alle overutslepp skal rapporterast i årsrapporten for avløpsanlegget. Kommunens sitt internkontrollsystem skal omfatte handtering av avvik på avløpsområdet.

11. KRAV TIL RAPPORTERING

Det systemet som gjeld i dag for rapportering av utsleppsdata er under revisjon. Inntil vidare skjer dette via driftsassistansen sin årsrapportering og via Kostra. Fylkesmannen kan krevje opplysningar i særlege tilfelle.

B) Generelle vilkår

Ansvar:

Den som har fått løyvet er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drevet slik at utsleppet til ein kvar tid er i samsvar med krava i utsleppsløyvet. Brudd på krava er straffbart etter kap. 10 i forureiningslova. Løyve til utslepp fritek ikkje for erstatningsansvar etter dei almenne erstatningsreglar og innhenting av løyve for andre sidar av verksemda som til dømes arbeidsmiljø, brann og eksplosjonsvern.

Endring av vilkår, tilbaketrekking av løyvet:

I medhald av forureiningslova § 18 kan Fylkesmannen oppheve eller endre vilkåra i løyvet eller fastsette nye vilkår. Om naudsynt kan ein trekke løyvet attende. I alle høve kan løyvet trekkast attende eller endrast når det har gått 10 år frå det vart gjeve.